



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 63. ÅRGANG, 2024



Over 100 års tradisjon med stølsmesser i bygda vår
Stølsmesse på Sørre Trollåsen 27. juli 1980



Meir om bileta på baksida av bladet.

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge, Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I **dette nummeret** er det spesielt fokus på Lidar sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Hegge sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

29. oktober 2024

Framsida: Kollasj frå Stølsmesse, Sørre Trollåsen 1980.

Foto: Inger Marie Vingdal (utlånt av: Harald Moen)

Kollasj/redigering: designsaskia.no



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang, Bygdivegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke 481 40 309

SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn 991 29 976

PROST: Carl Philip Weisser 915 55 504

SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg 916 38 300

KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug 952 19 341

KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland 934 19 294

TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum 901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser

Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug

Reinholdar: Synnøve Rødningen

Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal

Kyrkjetenar: Svein Hegge

Reinholdar: Svein Hegge

Soknerådsleiar: Solveig Hårdnes

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum

Kyrkjetenar: Harald Melby

Reinholdar: Harald Melby

Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum

Kyrkjetenar: Natalie Regine Lien

Reinholdar: Natalie Regine Lien

Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

«En flyktning krysser sitt spor»

Det kjendest slik å gå inn i sitt siste år som sokneprest i Øystre Slidre.

Overskrifta er Aksel Sandemoses tittel på romanen som introduserte verda for Jantelova. Eg er ikkje så opptatt av Jantelova, men likar overskrifta. Den seier noko om å sjå seg tilbake. Kva var viktig for meg då eg starta, og korleis ser eg på det no? Fyrste teneste i Øystre Slidre hadde eg i 2002, i 2005 vart eg fjellprest, og så balla det på seg til eg vart fulltids sokneprest i 2014.

Eg er vaksen opp på bygda, i ein familie med alminneleg folkekyrkjeforhold til kyrkja, litt meir enn alminneleg, kan hende. Far min var klokkar som ung, bae foreldra song i kyrkjekoret og mor mi var svært diskusjonsivrig når det gjalt religiøse spørsmål og andre spørsmål i livet. Men eg tok sjølv ikkje del i noko kristeleg ungdomsarbeid, og vi sette aldri nokon merkelapp på oss sjølve som kristen eller ikkje kristen. Sjølv sagt var vi kristne; det kan eg seie no; døypte heile hopen og oppseda i den kristne forsaking og tru så godt det let seg gjere av kyrkje, skule og alminneleg fornuftige foreldre. Såpass bør kyrkja få ære for!



Men eg støytt på folk som gjerne skulle omvende meg, og som fekk meg til å forsagt slå blikket ned med spørsmålet: «Er du kristen?» Det vanta heller ikkje på «ord frå oven» og ymse suspekte profetiær frå dei som så klårt definerte seg som kristne. Desse opplevingane mine og kor sårbar eg faktisk var overfor «åndelege overgrep» i ungdomsåra, ga meg etter kvart ein driv til å forsvare og lyfte fram alle oss kristne som ikkje snakkar så høgt om det, for oss der orda blir for små for det store og for store for oss. Vi som har som vårt primære kjærleiksspråk i praktisk handling anten det er i høve til kyrkja eller folk vi er glade i. Anten det er å lage middag til familien eller bake ei kake til kyrkjekaffien, eller måle eit gjerde, veve, eller sveipe eit dåpsbarn i eit kristneteppe.

Eg vart engsteleg då kyrkja skulle skiljast frå staten, eg vart redd at det stilte enda større krav til å «bekjenne» eller med ord definere seg som kristen. At det for folk ikkje vart gjeldande nok å kvile i at ein er døypt, at vi er borgarar i eit land der lovverk og verdiformidling er tufta på lang kristen tradisjon.

Korleis har det gått? Kan hende har eg ikkje gitt nok fokus og merksemd til dei av oss som treng å snakke om det, som kviler og kjenner tryggleiken og fellesskapet i klårt definerte kristne miljø. Det kan eg kjenne på. Samstundes tenker eg at eg treng ikkje vera så redd for korleis det skal gå med oppslutningen til kyrkja. Folk døyper ungane sine, sender dei til kyrkja sine undervisningsopplegg, konfirmerer seg, gifter seg og gravlegg sine kjære frå kyrkja. I den grad tala på deltaking i kyrkjelege handlingar prosentvis har gått ned, skuldast det mest auke av sambygdingar frå andre land med andre religionar. Eg ser og at det ikkje blir mindre behov for kyrkja sine åndelege og verdimesse sider i samfunnet vårt.

Vi treng dei store forteljingane vi kan spegle liva våre i, vi treng å kunne be og opne sinnet for gode guddommelege krefter, vi treng å koma saman i sorg og glede.



Andakt

Det er deg vi ventar på, Herre

AV: **MARIT PREST, ETNEDAL**

FOTO: **PRIVAT**



Valdres er signa med mange og fine kyrkjer.

Eg har fått lov å forrette gudstenester og kyrkjelege handlingar i dei fleste av dei. Særleg i dei fire kyrkjene, pluss Lyskapellet i Øystre Slidre. Dei er forskjellige, men alle kyrkjebygga er like vakre, særleg når vi kan seie «kyrkja vår», for her har vi vår tilhøyrighet.

Eg har mange sterke, fine og gode minne frå Ø.Slidre! Hjardeleg takk for alle møte!

Alle kyrkjer, med sin eigen, sterke symbolikk står der, som «fyrstårn» i bygda, slik ein nord-etnedøl sa om si kyrkje.

Nord-Etnedal kyrkje er ei enkel langkyrkje med måleri av den krossfeste Jesus Kristus midt på altartavla. Preikestolen er pryda med stjerner, som minner om Betlehemsstjerna som lyste over fødestaden til Jesus.

Det er fleire detaljar, men det store for meg er himlinga over kordelen, himmelkvelvinga over oss! Påminninga om den himmelske dimensjon og Den høgste, som vil tale til oss. Til presten. Til kyrkjelyden. Til alle. Slik Han vil.

Det er deg vi ventar på, Herre!
Trua er inga byrde (som nokon av og til kan oppleve at det blir).

Trua er ei gåve, som har sitt utgangspunkt i nåden. Gud, som ikkje støyter nokon bort, ynskjer å bere oss på livsvegen!

Eg har vore i Lyskapellet på Beitostølen fleire gonger i sommar. Eit heilt spesielt gudshus, med ei stor livsforteljing.

Å gå inn gjennom «troens dør og håpets bue» er høgtidssamt.

*«Vår sjel ventar på Herren,
han er vår hjelp og vårt skjold.
Vårt hjarte gleder seg i han.
Vi set vår lit til hans heilage namn
Lat di miskunn vera over oss, Herre!
DET ER DEG VI VENTAR PÅ».*

- Salme 33, 20-22



«Troens dør og håpets bue» i Lyskapellet på Beitostølen.



Kordelen i Nord-Etnedal kyrkje.



Verdiane i eit godt lokalsamfunn å vekse opp og høyre til i.

Vi møtest på garden/bruket deira, Rud, like nedanfor Granli i Rogne. Slik det kjennest trygt å plassere folk, spør eg etter samanhengen med dei andre Granli eg kjenner i bygda. Men han finst ikkje, namnet kjem annanstads frå, og bruket vart kjøpt for fem-seks år sidan, utan straum og vatn. Altså inga slektstilknytning, og litt å ta tak i på ein gard. Kva er det då som skal til for å kjenne at ein høyre til i eit lokalsamfunn?

Vi har ikkje gått langt nedover Nerrefossvegen i retning Volbufjorden før One peikar på kva for nøkkel det er for å høyre til; jau, det er at ein engasjerer seg. Eg kjenner på det same; her kan ein ikkje berre møtast på ein kafé eller ei operaforestilling. Her er arenaene for å bli kjend med folk at du er engasjeret i lokal samfunnet.

Eg skjønar og at det ligg meir i å engasjere seg enn berre å høyre til. Det betyr å vera med og forme det livet du vil leve og dei omgjevnadane du er med og skapar.

For mange av oss er One mest kjend som varaordførar. Som ung jente av samfunnsengasjerte foreldre hadde ho ikkje noko val, men måtte vera med foreldra sine til stemmelokala ved dei politiske vala, med formaninga "Stemmer du ikkje, kan du heller ikkje klage". Der må eg og seie meg samd, og har du delteke politisk er du kan hende og litt meir nyansert eller audmjuk når det gjeld det som vert gjort i politikken. Det skulle likevel ei sak til; å verne Vinda, for at ho skulle engasjere seg partipolitisk. Det engasjementet syntte at det nyttar, at det går an å gjere ein forskjell ved å engasjere seg.

One trur og på å vera ærleg. Men alt engasjement er vel ikkje like

kostnadsfritt, spør eg, verken for ein sjølv eller for dei som står nær ein. Nei, men det hjelper å forstå, poengterer One, kvifor til dømes mor igjen må i avisa.

Vi er begge opptekne av oppvekst og ungdom; sjølv om One gong på gong held oppe at unge menneske er menneske som alle oss andre. Eg har nett vore på forelesning om ungdom og fått med meg kor mykje gruppa du høyre til betyr når du er i tenåra. Eg synest av og til vi ikkje tek høgde for det om vi forventar at ungane skal kome ferdig veloppdragne frå foreldreheimen. Ungdomsgruppa kan setje svært store krav til dei unge for at dei skal kunne høyre til. Det er mykje dei må lære å takle på arenaer utanfor foreldreheimen. One trekkjer og fram at unge menneske med alle sosiale media ikkje kan rømme unna presset til å skulle vera like eller samanlikne seg.

- Kva skal til for at ein skal kunne tørre å stå for det ein meiner, av og til i motsetning til gruppa?

One tenkjer at mykje godt grunnlag for det vert lagt i heimen. Men vi treng alle også ein større samheng, eit større miljø å høyre til. Sjølv fortel ho om å verta medhjelpar i samband med Humanetisk forbund si konfirmantundervisning; kor viktig det er å kjenne at du kan bety noko for

nokon. One etterspør landsbyen og nabokjerringane; at vi når vi møter unge menneske og alle andre at vi set augene i dei og seier «Hei». Ser kvarandre, at vi tilbyr skyss eller noko anna om folk treng det. At vi positivt bryr oss om kvarandre.

Eg er oppteken av meining; og mange både unge og eldre kan kjenne på fråvær av meining. Vi treng å ta del i, forme og bli forma av omgjevnadene våre, engasjere oss for å kome tilbake til Ones utgangspunkt. Kva slags utfordringar treng unge, spør eg. Og One held igjen fram for meg at vi treng alle utfordringa å vera gode menneske. Vi er samde om at vi er gode menneske, men det er og ei meiningsfylt utfordring i livet å arbeide med å vera det.

Volbufjorden breier seg vakkert framfor oss, også i regn, og vi er begge glade for å bu på bygda.

- Kva er framtdraumen for bygda og kommunen vi bur i?

Ei bygd med mange forskjellige folk og stort mangfald.

One skulle ynskje at når ein tenkjer på utvikling i kommunen, snakkar ein ikkje berre om utbygging. Vi treng eit meir mangfaldig og heilheitleg arbeidsliv med rom for alle for å få eit berekraftig samfunn.

Heime hos tanta hennar hang eit Piet Hein-sitat: «Det er så rart å være menneske – jeg vet bare hvordan det er å være meg».

Eit så flott utgangspunkt for positiv interesse for kvarandre, og rom for å alle vera annleis som Erling Stordahl var oppteken av - og veit vi eigentleg kven vi er, spør One.

Ho fortel om eit tidleg engasjement då ho opplevde at noko var urettferdig. Det å ta side med dei svake eller utsette i ein konflikt er viktige for henne. Verda er stor og engasjementet hennar strekker seg vidt, og ho fortel og om engasjementet sitt for palestinarane. Og situasjonen på Gazastripa.

One gir meg diktet «Hvis jeg må dø» av Refaat Alareer.

Det tek oss med til den dramatiske situasjonen der nede, men gir også eit rom for eit engasjement for rettferd og godheit sjølv om vi er langt borte - heldigvis - frå Gaza.

*Hvis jeg må dø,
må du leve
for å skrive livet mitt
for å selge tingene mine
for å kjøpe et tøyestykke
og en snor
(en hvit snor, med lang hale)
så et barn, et sted i Gaza
som ser himmelen i øyet
ventende på faren som reiste i flammer-
uten å si farvel
ikke engang til sine
ikke engang til seg selv
ser dragen, dragen min som du laget, som flyr der oppe
og først tror det er en engel
som kommer tilbake med kjærlighet*

*Hvis jeg må dø
la det gi håp
la det bli et kvad*



Heime på bruket Rud kjem sauene når matmor ropar og lovar dei høy. Ho kallar dei ved namn; nokre med horn, nokre utan, forskjellige, slik folk er. Ho sukker at det skal bli vondt at dei no snart skal på matbordet. Eg tenkjer på potetene vi tok opp førre dagen og kjenner at eit liv på bygda er bra, ikkje smertefritt, men nært på der livet gror og er.

MIN SALME



Vi har mange vakre salmer, men jeg velger meg «Deilig er jorden.»

I min ungdom sang jeg i skolekoret og spilte i Øystre Slidre Skulemusikk. Før jul hadde vi konserter i kirkene, og det var en fin tid med mange gode minner. Vi avsluttet nesten alltid med denne salmen, og det var så fint og høytidelig når alle reiste seg og sang.

Jeg er veldig glad i julen, og denne salmen gir meg følelse av høytid, ettertanke og glede.

- Ann Christin Rødningen

Deilig er jorden

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel, skjønn er sjelens pilgrimsgang! Gjennom de fagre riker på jorden går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang; aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den først for markens hyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!

T: 1850 B.S. Ingemann

Stølsmesser

– Lie 14. juli Rogne sokn

TEKST: Wenche Melbybråten FOTO: Elin Hovi /Wenche Melbybråten

vertinna som denne veka her. Og sidan Yr hadde rett i sine spådomar, lånte gode stølsgrannar bort to store telt slik at det gjekk turt og fint for seg. Det var god stemning og prosten har stemme som ber trass i tromminga av regn på taket. To vakre born vart døypte denne dagen. Etter messa vart me inviterte inn i varmen på kaffe og kaker. Det vart ein triveleg syndag i utriveleg vår. Det var vel 70 som møtte på messa, og alle fekk plass under tak. Takk for gjestfriheita!

14. juli var det stølsmesse på Brøtastølen på Lie hjå Elin Hovi og Bjørn Ivar Gunhildgard. Himmelen var open, regnet øste ned og gjorde sitt til at den vakre utsikta på Lie ikkje kom heilt til sin rett. Sjeldan har Yr vore sjekka så hyppig av



– Sørre Trollåsen 28. juli Volbu sokn

TEKST OG FOTO: Bjarne Veisene

28. juli vart det halde stølsmesse i Sørre Strande der Harald Moen og Lill Danielsen held til. Sola titta fram frå mørke skyer då Eli Vatn starta messa. Orgelet var bytt ut med trekkspel og fele denne dagen. Etter messa var det kyrkjekaffe, og dei ca. 50 frammøtte kosa seg med kaker og kaffe ute.



– Storeskag 21. juli Hegge sokn

TEKST: Eli Vatn / FOTO: Ida Svensli Rudi

21. juli var det stølsmesse i Storeskag hjå Bodhild og Roar Aasen. Vertskapet hadde sett fram eit lite altar, og spikra fast (!) ein altarduk som likevel fekk lufta seg kraftig i vinden ved Storeskag denne sundagen. 60 menneske møtte fram. Vi benka oss mellom husa, og det vart eit storslått om enn vindfullt kyrkjerom med fantastisk utsikt begge vegar.

Vi vart kalla til messe med klangen av hamar på spett, og Gunvor Hegge slo vart an tonen vidare på langeleiken. Magne Olav sytte på støtt vis for musikk til salmane. Og ikkje minst, det stod ikkje på traktering ved Hegge sokneråd i fellesskap med vertskapet.

Presten punkterte på veg heim, men det gjekk også bra, og ho og hennar hus nytte godt av mykje god støtte der vi stod og pumpa hjul. Ho er dessutan særst nøgd med at vi har denne lange tradisjonen med stølsmesser i Øystre Slidre.



– Skindro 18. august Lidar sokn

TEKST OG FOTO: Sissel Dahle Lie

18. august var det stølsmesse på Skindro hjå Jon Mørstad Flotve og Stine Mørstad Schlytter.

Anne Marie Mørstad tok i mot 30 personar i regn og kald vind. Inne var det fyr i omnen og plass for alle.

Anne Marie fortalde om historia til stølslaget. Ho fortalte om Wenche Foss som hadde vore på Skindro som liten. Og vi fekk høyre om Nils Gulliksen Leite som dreiv jakt og fiske rundt Skindro. Fangsten selde han og skaffa seg slik ganske mykje pengar. Det gjorde til at han kunne gi to klokker til kyrkja. Desse heng i tårnet og er i bruk ved alle kyrkjelege handlingar.

Gunvor Hegge og Ingebjørg Hegge Bratrud spelte langeleik.

Carl Philip Weisser held gudstenesta og Magne Olav stod for musikken.

Etter gudstenesta var det kaffi og kaker til alle.

Takk for ein triveleg dag på Skindro.



50-års konfirmantar -gullkonfirmanttreff 08.09.2024

TEKST: INGER MOE FOTO: MARIT HEGDE



Fremste rad: Sokneprest Eli Vatn, Karin Windingstad Sebu, Inger (Erikson) Moe, Heidrun Marie Skogen Krosby, Haldis Bergheim Johansen.

2. rad frå venstre: Per Sebu, Liv Vingdal, Marianne (Kolstadbråten) Skrebergene.

3. rad frå venstre: Helge Vemund Skogen, Odd Ingar Rognstad, Ole Kristian Fjelltn, Arne Johannes Trandokken, Liv Ellen (Hoviosen) Wårum

Etter messa vart det fotografering på kyrkjetrappa, før vi rusla bort i kyrkjestogo. Der venta det fin oppdekking til middag med påfylgjande kaffe og bløtkake. Alt smakte veldig godt, og praten gikk lett rundt bordet. Det vart mykje mimring og små historier frå konfirmanttida, og latteren sat laust.

Det vart ein veldig triveleg dag, og veldig hyggeleg å treffast att. Skulle så gjerne sett endå fleire der, men vi hadde det «sjele» bra vi som var der.

Tusen takk til kyrkjekontoret, sokneråda og presten for flott tiltak og opplegg!

Vi starta med messe i Rogne kyrkje, og på denne milde, men litt overskyde sepiemberdagen, var kyrkja full av festkledd og glade folk. For ikkje var det berre vi gullkonfirmantane som kom i bunad og finstas, - nei, til og med 3 born skulle døypast og innlemmast i kyrkjelyden. I tillegg hadde årets konfir-

mantar take turen, og nokon av dei hadde oppgåver under gudstenesta. Det summa godt i kyrkjerommet før kyrkjeklokkene ringte, - ja, såpass at klokkaren måtte få oss til å dempe oss slik at vi høyrde klokkene! Om det var gullkonfirmantane eller andre som prata mest skal vera usagt, men stillare vart

det iallfall slik at gudstenesta kunne begynne. Vi «gamlisane» måtte fram og presentere oss, og eit par av oss vart intervjuva av Eli prest om gode råd til årets konfirmantar. Om noko av dette gikk inn, er uvisst, men nokre gode tips og råd fekk dei i allefall med seg på livsvegen vidare.

Utdeling av 6-årsbok 25. august 2024

Fyrste-klasse -gudsteneste



LIDAR: Frå venstre: Brage Gerhard Heggemo, Levi Fahre Borgvad, Nelia Steen Foto: Marianne Straum



ROGNE: Ingebjørg Rogne, Tord Huset Kolstad, Sigurd Kjærstad, Sofie Hermundstad Aasbakken, Georg Nygård Skogen Foto: Marianne Straum

Svar på spørjeundersøking sommaren 2024

Vi fekk i alt 29 svar på spørjeundersøkinga vår i førre På Kyrkjeveg. Vi er svært nøgde med responsen, og sjølv om vi ikkje har nok data til å gje ein signifikant statistikk, kjenner vi igjen det folk synest å meine. Kyrkjeverje Ove Ekerbakke har laga ei fin oversikt over dei faste spørsmåla i grafane under. Som forventa er det gjennomgåande viktig for folk at kyrkja er ein god kulturarena og formidlar den kristne arven til born og unge. Det er svært viktig for mange å bli gravlagd frå si eiga soknekyrkje og at kyrkja er der ved kriser.

1. Kva slags kyrkjelege tenester er viktig for deg?

Veldig uviktig Litt uviktig Nøytral Litt viktig Veldig viktig

At det alltid finst ei kyrkje som er open og du kan gå inn i for ei stille stund.

Konsertar og andre kulturelle arrangement i kyrkja.


At det skal vera mogleg å døype ungar minst ein gong kvar månad i ditt sokn.

At det er tilbod om bibelgrupper/kristendoms kurs for vaksne eller meir opne samtaleforum.

At born skal få opplæring i dei kristne verdiane, kulturarven og truspraksis.

At gravferd skal skje frå di soknekyrkje.

At kyrkja er der ved kriser i livet med prest å samtale med, med opne kyrkjer/minnestund.



2. Korleis ynskjer du at kyrkjelege handlingar skal vere?

Veldig uviktig Litt uviktig Nøytral Litt viktig Veldig viktig

At gravferder skjer på tradisjonell måte.


At eg kan sette personleg preg på gravferder.

At dåp skjer på tradisjonell måte.

At eg kan sette personleg preg på dåp.

At vigsel skjer på tradisjonell måte.

At vi set personleg preg på vigslar.



Elles er dei som har svara stort sett svært nøgde med oss som arbeider i kyrkja, at vi er lette å få tak i og imøtekomande når ein treng kyrkja til noko. Nokre ynskjer meir høgtidelege messer, nokre mindre høgtidelege. At kyrkja ikkje er dømande, men vert opplevd open og inkluderande er viktig for mange. Opne kyrkjer er ønskeleg. Vi vert tipsa om å vera aktive til å spørje folk om oppgåver. Nokre ynskjer fleire samtalearenaer, som bibelgruppe eller samtale om livsaktuelle tema. No går fellesrådet og sokneråda i gang med strategiarbeidet sitt, og vi takkar alle som har svara på undersøkinga for flotte og nyttige innspel.

For redaksjonen og fellesrådet; sokneprest Eli.

Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

STIGAR OG FERDSELSÅRER

Det er eit stort nett av vegar, stigar og krøtterstigar i Øystre Slidre. Mange av desse går i frå bygda til fjellet, i samanheng med heimstølar og langstølar og brukt til å flytte dyr og menneske i mellom. Dei aller fleste er nok tekne tilbake av naturen, då bruken i stor grad har opphøyr. Stigane bidrog til å knytte stølane i hop. Vegen over Valdresflyé er verdt å nemne her. Ein starta bygging av vegen i 1937, men vart avbroten av krigen. Etter krigen starta dei opp att ved Heimdalsmunnen. Då tok dei i bruk bulldosarar, noko som vart sett på som ei openberring.

Namn på ulike stigar på Beitostølen, også kalla rekser; Skogsstigen, Beitegoto, Stølagoto, Beitastigen og Geitestigen,



Tyskerstigen går framom Bitihorn, på Beitostølsida. Ikkje langt frå vegen kan vi sjå merke etter 70 stallplassar til dyra. «Denne stigen og andre spor i terrenget rundt fjellet Bitihorn er minne etter tyske og austerriske alpejegerar som trena her sommaren 1942. Bakgrunnen for «besøket» var behovet for trening i vanskeleg fjellterreng, for i 1941 hadde det tyske krigsmaskineriet kasta augo sine på oljekjeldene i fjellområdet Kaukasus. Soldatane vart difor sende til Noreg og Jotunheimen for å trene på krig og klatring i fjellet. I Øystre Slidre var området Båtskaret – Hødnstølen – Bitihødn øvingsplass».

Noko som er litt spesielt er at dei her trena med esel.

Bitihorn via den "ekte" Tyskerstigen. Foto er henta frå Jotunheimen Mountaineering sitt turprogram, www.bygdin.com. Brukt med løyve.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

JUNI - SEPTEMBER 2024

GRAVFERD

VOLBU KYRKJE
Kolbjørn Jørstad
Knut Oddvar Skattebo

ROGNE KYRKJE
Marit Haugen
Odd Leif Engen

LIDAR KYRKJE
Astrid Beito
Harald Julius Hansen



DÅP

ROGNE KYRKJE
Simen Gjeile Bøe
Isak Hyseth Hammeren
Ellinor Grobakken
Edvin Rabben Lundby
Gaute Hålien
Ida Pernille Onstein

VOLBU KYRKJE
Frida Moen Bredesen
Ailo Viste Ekerbakke

HEGGE STAVKYRKJE
Andreas Sørflaten
Eirik Lostad

LYSKAPELLET
Tobias Rakstad Gunderhuset
Athea Hermine Gunderhuset

ROGNE SOKN – STØLSMESSE PÅ LIE
Elise Aspholt-Weisser
Eivind Hagen Trandokken

VIGSEL

ROGNE KYRKJE
Line Holstvold Huset og Erik Kolstad

VOLBU SOKN
Janne Nøbben og Håkon Holien

HEGGE STAVKYRKJE
Inger Grethe Solhaug og Øyvind Person Deilhaug

LIDAR KYRKJE
Mari Christin Cadiente Andersen og Kevin Gordon Dippner
Sigrid Brynstad og Peter Sollie Klokk

LYSKAPELLET
Marit Knutsdatter Strand og Anders Sørum Sveen

Lidar kyrkjegard

TEKST: OVE EKEKBAKKE FOTO: GUNVOR HEGGE



Kyrkjegarden med utsikt frå minnelunden. Foto: Gunvor Hegge

På slutten av 1800-talet byrja arbeidet med å etablere ein gravplass i Lidar-området. I 1900 vart det løyvd pengar, og ei tomt på 2,5 mål vart kjøpt frå Li. Gravplassen vart offisielt vigsla i 1902. Det er litt usikkerheit rundt den eksakte dato, med nokre kjelder nemner 5. oktober og andre 6. november.

Initiativet til å byggje ei kyrkje kom frå Ola K. Alfstad som samla inn pengar, mellom anna frå utvandrarar. Arbeidet vart vidareført av sonen hans, og kyrkja vart teikna av arkitekt Ole Stein. Byggmeister Halldor G. Skattebu leia arbeidet, og Lidar kapell vart vigsla 2. desember 1932. Sidan 1. oktober 1996 har kapellet hatt status som kyrkje.

Gravplassen har gjennomgått fleire utvidingar, først i 1920, deretter i 1956 og 1979. Ved utvidinga i 1979 vart jorda bytt ut med sand frå Smørkøll, ifølgje tidlegare kyrkjegardsarbeidar Magne Ekerbakke. Ein av dei første kyrkjegardsarbeidarane var Knut Lie, som fekk fem kroner for kvar grav han grov, sjølv om det ofte var gardsdrenge som utførte arbeidet. I 2009 vart gravplassen utvida ytterlegare, og den første namna minnelunden i Øystre Slidre vart etablert. Den siste utvidinga av kyrkjegarden

vart vigsla søndag 28. oktober i 2018 av biskop Solveig Fiske – namna minnelund vart teken i bruk etter den dato.

Eit av dei mest markerte trekka ved Lidar gravplass er rekkja med trekrossar som markerer barnegraver. Mange av desse gravene tilhøyrer barn frå soknet, men nokre er også graver etter barn som budde på Fjellheimen hotell under



"Godt samarbeid på kyrkjegarden. Bjørn, Magne og Ola, tre generasjonar Ekerbakke".

Bilete er frå boka Lidar kyrkje 75 år 1932-2007. Løyve til bruk: Karen Starnad Beito.

krigen. Mot slutten av krigen vart barn med tuberkulose sende til Fjellheimen sidan den tørre fjellufta var gunstig for dei. Mange av desse barna kom frå Finnmark, og nokre av dei døydde i Skammestein. Gravene deira vart stelte av naboen Borghild Nedrelid fram til ho døydde. No blir dei tekne hand om av fellesrådet.

Ei anna grav som ofte vekkjer merksemd, er grava til Nils G. Leite. Den ligg nær muren ved kyrkja og er lett synleg. Leite var ein enkel og fattig fangstmann, men etter hans død viste det seg at han hadde betydelege midlar på bok. Desse midlane vart donerte til kyrkja, som brukte dei til å kjøpe to kyrkjeklokker, eit orgel, lysekroner og klede til presten. Som takk fekk Leite grava nærast kyrkja.

I dag strekkjer gravplassen seg både nedanfor og ovanfor kyrkja. Minnelunden ligg øvst og gir ei fantastisk utsikt over Skammestein, Hedalsfjorden og fjella. Sjølv om det er ein liten oppoverbakke, er utsikta vel verdt turen. Det er planar om å setje ut benkar slik at besøkkande kan ta ein kvil på veg opp og nyte utsikta frå toppen.

VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Oktober

20 10 2024 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn

27 10 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

27 10 2024 Hegge stavkyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn

November

03 11 2024 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Helgemesse ved sokneprest Eli Vatn

10 11 2024 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn

10 11 2024 Volbu kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 11 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

Desember

01 12 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med dåp ved sokneprest Eli Vatn

15 12 2024 Hegge kyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn ved sokneprest Eli Vatn og konfirmantane

20 12 2024 Skulegudstenester ved sokneprest Eli Vatn
Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30

22 12 2024 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn

22 12 2024 Ø.S. Helsetun kl. 13.30
Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

24 12 2024 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2024 Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 12 2024 Hegge stavkyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

25 12 2024 Hegge stavkyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2024 Volbu kyrkje kl. 19.30
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

Helgemesse 3. november. Hegge stavkyrkje kl. 19.30

Dette er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnest dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året. Vi les opp namna og tenner ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørgefargen. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar. Sjølv om dei pårørende til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten, er messa for alle.

Konsertar:

ØYSTRE SLIDRE KULTURSKULE
inviterer til førjulskonsert i Rogne kyrkje 10. desember i kl. 18.00

"JUL MED VALDRESMÅL... OG MEINING"
4. desember i Lidar kyrkje kl. 18.30
12. desember i Rogne kyrkje kl. 18.30

JULEKONSERT MED RØYST
i Rogne kyrkje den 18.12 kl 19.00
Gratis inngang.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Baby song

22. oktober, 12. november og 3. desember i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Pusterom i Volbu kyrkje

Tysdag 15. oktober, 12. november og 10. desember. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Salmekveld

Salmekveldar i Rogne kyrkjestogo 21. oktober, 11. november og 16. desember kl. 19-21



Over 100 års tradisjon med stølsmesser i bygda vår Stølsmesse på Sørre Trollåsen 27. juli 1980

Herman Ditlef Kvarving d.e. som var sokneprest i Øystre Slidre frå 1909 til 1917, innførte tradisjonen med stølsmesser. Han kalla det «Bibellæsning på prestegjeldets Sætre».

Her har vi fått tak i nokre bilder som Inger Marie Vingdal tok på stølsmessa i 1980. Det vart sagt at det var 150 folk tilstades ved denne messa. Else Liv Kortner og Per Arne Faye hadde nettopp take over prestetenesta her, og på det øvste biletet kan vi sjå Einar Moen i aksjon som klokkar, ei teneste han hadde i mange år. Innfelt ser vi også Ingebjørg Skattebu, organist i mange år.

Mange år har gått og det er mange av dei eldre som deltek her, som har vore borte i mange år. Likevel kan de kanskje dra kjensel på nokon? Utruleg at denne tradisjonen har overlevd i så mange år.